

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/22/30

av 29. april 2004

om godkjenning av visse kriseplanar for kamp mot munn- og klauvsjuke(*)

[meldt under nummeret K(2004) 1648]

(2004/435/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske
republikken, Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta,
Polen, Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 2 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Den tsjekkiske republikken,
Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen,
Slovenia og Slovakia, særleg artikkel 21,

med tilvising til rådsdirektiv 2003/85/EF av 29. september
2003 om fellesskapstiltak for å bekjempe munn- og klovsyke,
om oppheving av direktiv 85/511/EØF og vedtak 89/531/EØF
og 91/665/EØF, og om endring av direktiv 92/46/EØF⁽¹⁾,
særleg artikkel 72 nr. 7, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsvedtak 93/455/EØF av 23. juli 1993 om
godkjenning av visse beredskapsplaner for bekjempelse
av munn- og klovsyke⁽²⁾ vart desse planane godkjende
for dei noverande medlemsstatane.
- 2) Den tsjekkiske republikken, Estland, Kypros, Latvia,
Litauen, Ungarn, Malta, Polen, Slovenia og Slovakia har
lagt fram for godkjenning kriseplanar for motkjemping
av munn- og klauvsjuke.
- 3) Desse planane stettar dei kriteria og krava
som er fastsette i direktiv 2003/85/EF, og gjer det
mogleg å nå dei ønskete måla dersom planane vert
ajourførde jamleg og effektivt gjennomførde.

4) Kriseplanane som er lagde fram av dei nye medlemsstatane,
bør difor godkjennast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda
og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Kriseplanane for motkjemping av munn- og klauvsjuke som
er lagde fram av dei nye medlemsstatane som er førde opp i
vedlegget, er godkjende.

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast med atterhald for og frå den
datoen då tilmeldingstraktaten for Den tsjekkiske republikken,
Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Ungarn, Malta, Polen,
Slovenia og Slovakia tek til å gjelde.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 29. april 2004.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 189 av 27.5.2004, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2005 av 29. april 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 46 av 15.9.2005, s. 8.

⁽¹⁾ TEU L 306 av 22.11.2003, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 213 av 24.8.1993, s. 20. Vedtaket sist endra ved vedtak 2001/96/EF (TEF L 35 av 6.2.2001, s. 52).

*VEDELEGG***Liste over dei nye medlemsstatane som er nemnde i artikkel 1**

Kode	Stat
CY	Kypros
CZ	Den tsjekkiske republikken
EE	Estland
HU	Ungarn
LV	Latvia
LT	Litauen
MT	Malta
PL	Polen
SI	Slovenia
SK	Slovakia